



Adresse: Gata 5, 4865 Åmli  
Telefon: 37 18 52 00  
E-post: [post@amli.kommune.no](mailto:post@amli.kommune.no)  
Org.nr.: 864 965 962  
Bank: 2821.07.04800

Eining: Samfunn  
Saksbeh.: Olav Vehus  
Direkte tlf.: 37185215  
E-post: [olav.vehus@amli.kommune.no](mailto:olav.vehus@amli.kommune.no)  
Vår ref.: 2019/24 - 14 Lnr.: 3720/2019  
Dato: 24.05.2019

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«MOTTAKEREPOST»

## Minsteareal for elg, hjort og rådyr i Åmli kommune.

Nedanfor følger saksutgreiing og vedtak i sak 37/2019 for Åmli kommunestyre.

Endringa vil bli lagt til grunn for søknad om godkjenning av bestandsplan for elg og tildeling av elg og hjort for komande jaktseason.

Spørsmål kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Olav Vehus  
Skogbruksrådgjevar

*Dokumentet er ekspedert elektronisk og har difor ingen signatur*

Likelydande brev sendt til eksterne mottakarar:  
Skjeggedal utmarkslag v/Lars J. Skjeggedal  
Tovdal villtag v/Tom Arild Austenå  
Vestre Åmli villtag v/Olav T. Vehus  
Ytre Åmli storvald v/Ole Tommy Flaten Moe  
Simonstad jaktlag v/Tom Ivar Hansen  
Åmli storvald v/Tore Kateraas  
Gjøvdal villtag v/Terje Gundersen  
Øvre Ramse jaktlag v/Børuf Ramse

Skjeggedal 806	4834	RISDAL
Vesteråsveien 9	3961	STATHELLE
Vehus 202	4869	DØLEMO
Flaten 510	4868	SELÅSVATN
Mørchs Bakke 8 A	4839	ARENDAL
Stallgata 10	4865	ÅMLI
Johan Markussens vei 7	4888	HOMBORSUND
Øvre Ramse 220	4869	DØLEMO



Utv.saksnr:	Møtedato:	Utval:
19/12	13.05.2019	Formannskapet
19/37	23.05.2019	Kommunestyret

Arkivref: 2019/24 - 11  
Saksbeh.: Olav Vehus, Skogbruksrådgjevar  
Eining: Samfunn  
Dir.tlf.: 37185215  
E-post: olav.vehus@amli.kommune.no

Saksordførar: Tellef Olstad

## Minsteareal for elg, hjort og rådyr i Åmli kommune.

### BEHANDLING I KOMMUNESTYRET DEN 23.05.2019

#### *Avrøysting:*

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

### VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 23.05.2019:

Kommunen endrar minstearealet for elg i ytre sone frå 6000 til 5000 daa. Inndelinga i soner som gjeld for elg blir uendra.

For hjort blir minstearealet for ytre sone endra til 4000 daa og grensa for ytre sone blir endra til å omfatte til og med eigedommane på Simonstad, Måmoen, Kløvfjell, Sigridnes, Gjermundnes (unntatt 62/4, 62/5 og 62/6), Tverstøyl. Tviland (sør for RV41), Landsås, Vehus, Berås og Sparhauktveit.

For resten av midtre sone og øvre sone inga endring av minstearealet for hjort.

For rådyr blir minstearealet ståande uendra.

Rådmannen får i fullmakt å utforme ei forskriftstekst i samsvar med vedtaket. Forskrifta skal gjelde frå og med jaktseasonen 2019/2020.

### BEHANDLING I FORMANNSKAPET DEN 13.05.2019

*Saksordførar til kommunestyret:* Tellef Olstad

#### *Avrøysting:*

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

### TILRÅDING I FORMANNSKAPET DEN 13.05.2019:

Kommunen endrar minstearealet for elg i ytre sone frå 6000 til 5000 daa. Inndelinga i soner som gjeld for elg blir uendra.

For hjort blir minstearealet for ytre sone endra til 4000 daa og grensa for ytre sone blir endra til å omfatte til og med eigedommane på Simonstad, Måmoen, Kløvfjell, Sigridnes, Gjermundnes (unntatt 62/4, 62/5 og 62/6), Tverstøyl. Tviland (sør for RV41), Landsås, Vehus, Berås og Sparhauktveit.

For resten av midtre sone og øvre sone inga endring av minstearealet for hjort.

For rådyr blir minstearealet ståande uendra.

Rådmannen får i fullmakt å utforme ei forskriftstekst i samsvar med vedtaket. Forskrifta skal gjelde frå og med jaktseasonen 2019/2020.

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:**

Kommunen endrar minstearealet for elg i ytre sone frå 6000 til 5000 daa. Inndelinga i soner som gjeld for elg blir uendra.

For hjort blir minstearealet for ytre sone endra til 4000 daa og grensa for ytre sone blir endra til å omfatte til og med eigedommane på Simonstad, Måmoen, Kløvfjell, Sigridnes, Gjermundnes (unntatt 62/4, 62/5 og 62/6), Tverstøyl. Tviland (sør for RV41), Landsås, Vehus, Berås og Sparhauktveit.

For resten av midtre sone og øvre sone inga endring av minstearealet for hjort.

For rådyr blir minstearealet ståande uendra.

Rådmannen får i fullmakt å utforme ei forskriftstekst i samsvar med vedtaket. Forskrifta skal gjelde frå og med jaktseasonen 2019/2020.

## SAKSVEDLEGG GENERERT I INNKALLING:

- 1 Høyringsforslag minsteareal.
- 2 Kart høyringsforslag minsteareal.
- 3 Høyringsuttale - Vestre Åmli viltlag.
- 4 Høyringsuttale Skjeggedal utmarkslag.
- 5 Høyringsuttale - Bygland kommune.
- 6 Høyringsuttale - Aust-Agder fylkeskommune.
- 7 Parts brev høyring minsteareal for elg, hjort og rådyr i Åmli kommune.

## SAKSVEDLEGG SOM LIGG PÅ NETTSIDA:

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunens nettside [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no)

### Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

## ANDRE SAKSDOKUMENT:

#

## KORT OM SAKA:

Ytre Åmli storvald søkte om endring av minstearealet for elg og hjort. Like etter søkte Simonstad jaktlag om endring av minstearealet for hjort. I tillegg søkte Øvre Ramse jaktfelt om endring av grensa for midtre og øvre sone for minstearealet.

Søknadene vart lagt fram for formannskapet, som godkjente eit forslag til endring som vart sendt på høyring til alle valdansvarlege, nabokommunar og fylkeskommune. Forslag og innkomne uttaler går fram av saksvedlegg. Dei opphavslege søknadene var med som grunnlag for utarbeiding av høyringsforslaget og blir derfor ikkje tatt med i denne runden.

Uttalene både frå Skjeggedal utmarkslag og Vestre Åmli viltlag går på ønske om høgare tildeling/uttak og meir likt minsteareal innan kommunen og samanlikna med nabokommunar.

Fylkeskommunen peikar på at det er høve til å tildele betydeleg større kvoter av elg med dagens minsteareal, men at det bør reduserast for å samsvare betre med planlagt tildeling. For hjort derimot er rådet å redusere minstearealet i dei områda som har stor tetthet av hjort under jakta.

## MERKNADER/VURDERING:

Blant mange av jaktrettshavarane blir minstearealet oppfatta som ein nøkkel dei er forplikta til å følge, også ved ordinær tildeling. Det er feil oppfatning. Hjorteviltforskrifta § 7 lyder slik: «*Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelse fråvike minstearealet for elg, hjort og rådyr med inntil 50 %. Fravik kan gjøres på bakgrunn av ulikheter i artenes levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.*»

Viktigaste årsak til endring denne gongen er at gjeldande minsteareal i delar av midtre sone hindrar ei fornuftig og forsvarleg tildeling av hjort, I ettertid ser ein at det burde vore tatt meir omsyn til innspel frå Simonstad sist minstearealet vart endra. I tillegg har bestandsutvikling og vekst i stamma gjort til at det er grunn til å endre meir enn det som var ønsket den gongen.

For elg syner fellingstala at uttaket over tid har vore meir stabilt over tid i valda som ligg i nabokommunane enn innan Åmli. I Åmli har uttaket svinga meir og raskare i ytre sone og midtsona samanlikna med øvre sone. Eit anna trekk ved avskytinga er at den vart auke tidlegare i ytre sone og i midtsona enn tilfellet var for øvre sone (der det

litt forenkla skjedd 10 år seinare og fordelt over fleire år). For å studere dette i detalj viser ein til hjorteviltregisteret.

Basert på søknaden om godkjenning av bestandsplan for 2019 og 2020 er det ganske gode marginar i begge retningar i høve til gjeldande minsteareal. Sett opp mot fjorårets fellingstal er det i alle fall ingen grunn til å gå ned på minstearealet i øvre og midtre sone. Ytre sone felte 10 dyr i fjor, søker om 14 i år og har endå 4 dyr å gå på før dei når taket med dagens minsteareal. Dei søkte i utgangspunktet om å få sett det til 4000 daa. I høyringsforslaget er det ikkje tatt til følge.

Sjølv om ein gjekk ned på 4000 daa (min. 2000 daa og maks 6000 daa) ville det vere overlapp til midtsona om ein heldt det på 9000 daa (min. 4500 daa og maks 13500 daa).

Omfanget av viltpåkøysler er størst i ytre delar av kommunen. Det talar for å auke uttaket, slik at ein rett og slett tek ned bestanden. Men det er ulike oppfatningar av bestanden lokalt, sidan Simonstad jaktlag i fjor valte ikkje å drive elgjakt grunna låg elg bestand slik dei vurderte det.

Ut frå dette vil ein tilrå at forslaget blir justert til 5000 daa i ytre sone for elg, slik at ein tek litt høgde for auka trafikk både på veg og bane langs trafikkårene innan valdet og tilgrensande område.

For hjort har bestanden endra seg dei siste åra, og inndelinga i soner har ikkje kome i utakt i delar av midtsona. Det går mykje på rekkefølga. Ideelt sett burde ein kanskje ha kome lengre i det med organisering i større einingar og deretter justert minstearealet. På andre sida må ein ikkje vente slik at det effektivt hindrar ei ønska og forsvarleg forvaltning. Det er det i ferd med å gjere nå.

Eit anna moment er at i dei delane av kommunen der bestanden er tettast er det bra samsvar mellom tildelt og felt kvote, både på antal og fordeling. I resten av midtsona og øvre sone derimot er det rikeleg å gå på når ein samanliknar tildeling og felling. Tida er derfor ikkje inne til å endre minstearealet i dei nemnte delane av kommunen nå.